



Kommunane i Vestland
Adresseliste regionråd
KS Vestland

Saksbehandlar, innvalstelefon

Marit Lunde, 57 64 30 05
Håvard Rød, 55 57 21 43

Skjønsmidler til fornying og innovasjon (prosjektskjøn) i kommunane 2021

Statsforvaltaren har i brev av 3. desember 2020 invitert kommunane i Vestland til å søkje om skjønsmidler til fornyings- og innovasjonsprosjekt (prosjektskjøn) for 2021.

Prosjektmidlane er ein del av skjønsmidlane, som inngår i rammeoverføringa. Statsforvaltaren har tidlegare fordelt kr 115 mill. i ordinært skjønstilskot av den samla skjønnsramma på kr 145 mill. til kommunane i Vestland i år.

Det står difor att kr 30 mill. av skjønsmidlane for i år, og av dette blir kr 14 025 000,- no fordelte som prosjektskjøn til fornyings- og innovasjonsprosjekt i kommunane. Statsforvaltaren gir tilskot til 20 av søknadene etter at vi fekk til saman 74 søknader frå kommunane. Samla søknadssum er om lag kr 87,6 mill.

KS og regionråda i Vestland vart inviterte til å uttale seg om dei ulike prosjekta. Vi har fått tilbakemelding frå KS og Regionrådet for Nordhordland. KS sitt fylkesstyre og kommunedirektørutvalet gir uttrykk for at dei generelt ønskjer å prioritere søknadsføremål som kjem alle kommunane til gode. Det gjeld spesielt digitaliseringsprosjekt som omfattar alle kommunane i fylket, og prosjekt til tenesteutvikling innafor feltet utsette barn og unge.

Fornyingsmidlane er no fordelte slik mellom dei ulike satsingsområda (fordeling i kroner) :

Helse og omsorg	5 025 000
Barnehage og skule	200 000
Utsette barn og unge	1 950 000
Digital forvaltning	4 350 000
Interkommunalt planarbeid	600 000
Samfunnstryggleik og beredskap	1 300 000
Klima- og miljøutfordringar	400 000
Diverse	200 000
Totalsum	14 025 000



Prosjekt nr. 102 E-helse Vestland (velferdsteknologi), tilskot kr 3,0 mill., er både eit helseprosjekt og eit digitaliseringsprosjekt. I våre oversyn er det teke med under fagområdet helse og omsorg. Det er også andre prosjekt som er innafør digital forvaltning, men som i våre oversyn er teke med under det fagområdet prosjektet er knytt til.

Etter dette vil det stå att knapt kr 16 mill. av kommunane i Vestland sin skjønnsramma for 2021. Den gjenståande skjønnsramma kan blant anna nyttast til uføresette utgifter, andre prosjekt eller til generell fordeling. Den gjenståande ramma blir fordelt til hausten.

Vedlagt følgjer oversyn over dei tiltaka som får prosjektmidlar i denne fordelinga.

Rapportering for prosjektskjøn 2021 skal gjerast i den same portalen som er blitt nytta for søknader for 2021, det vil seie : <https://prosjektskjonn.fylkesmannen.no>

Frist for rapportering for 2021 er sett til 1. februar 2022. Tidsfristen for tilbakemelding kan bli endra.

Vi ønskjer lukke til med prosjekta.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid
fung. statsforvaltar

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør

Vedlegg

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
KS i Vestland og regionråd

Adresseliste til regionråd:

Nordhordland Utviklingsselskap IKS, Postboks 13, 5902 Isdalstø
e-post: post@nordhordland.net

Hardangerrådet, Postboks 78, 5782 Kinsarvik
e-post: post@hardangerraadet.no

Regionrådet Vest, Fjell kommune, Postboks 184, 5342 Straume
Samarbeidsrådet for Sunnhordland, Postboks 444, 5403 Stord
e-post: firmapost@samarbeidsraadet-sunnhordland.no



Sogn Regionråd, Gravensteinsgata 17, Pb. 153, 6851 Sogndal

e-post: postmottak@sogndal.kommune.no

Nordfjorderrådet, Pb. 294, 6701 Måløy

e-post: post@vagsoy.kommune.no

Samarbeidsforum i Sunnfjord (SIS), Pb. 338, 6801 Førde

e-post: trond.ueland@forde.kommune.no

HAFS regionråd, v/Per Arne Tveit, 6963 Dale i Sunnfjord

e-post: per.arne.tveit@fjaler.kommune.no